

Arealpress i utmark

Utmarka har gått frå å vere beitemark til å bli representasjonar for den symbolkonsumerande middelklassa sin iherdige projisering av flyktige identitetar. Omdefineringa av utmarka stiller store krav til forvaltingas handverkarar og utfordrar dei tradisjonelle utmarksnæringane vår.

Bjørn Egil Flø er cand.polit. (sosiolog) med utdanning fra NTNU. Han er ansatt som forsker/stipendiat ved Norsk senter for bygdeforskning i Trondheim.

Av Bjørn Egil Flø

Eg var på konferanse her om dagen¹. Det var ikkje ein av desse store konferansane, her var ingen internasjonale delegasjonar eller anna storfolk, tvert om var det ein konferanse for dei mange små. Det var ein av dei som bidreg til dei små stega i rett lei, ein av dei som fortel oss at «*det er det jamne arbeidet som dreg*». For dei var trottige og arbeidssame, folka på konferansen. Dei kom frå dei tradisjonelle utmarksnæringane våre, det var bønder, grunneigarar og reineigarar, det var representantar frå forvaltning, politikk og forskning. Alle med fyrstehandskompetanse på det stadig meir konfliktfylte området som utmarka kring om i grendene er.

Kvar dag står det slag om utmarka vår, slag som alle bidreg til at den endrar seg. Kvar dag endrar også vilkåra for dei tradisjonelle brukarane seg. Og endringane kan me lese i landskapet, både det materielle fysiske landskapet og i det sosiale og mentale landskapet. Me kan lese det i røynslene åt dei som lever i og med landskapet og i forteljingane dei fortel.

Endringane er koplå saman med dei same end-

ringane me ser i samfunnet elles og dei er tilnærma identisk med endringane dei norske bygdesamfunna er utsett for. Dei er drivne av dei same prosessane og knytt til skiftande økonomiske og kulturelle forhold som igjen kan skape grunnlag for teknologisk eller institusjonell nyskaping. På same måte kan også sjølve nyskapinga stimulere til betydelige økonomiske eller kulturelle endringar. Slik må også framveksten av *den nye bygda* forståast (Cloke, 2003, 2006). Oppkomsten av *den nye bygda* heng saman med at *den gamle* endrar seg, og med endringane følgjer også *den nye økonomien* (Perkins, 2006; Woods, 2011).

Kommodifisering

Den nye økonomien kan best forståast ved hjelp av omgrepet *kommodifisering*. Den amerikanske filosofen Steven Best (1989) skildrar framveksten av den nye økonomien gjennom å studere forbruket, og hevdar me går frå varesamfunnet, via skodespelarsamfunnet til simuleringssamfunnet.

Varesamfunnet vaks fram då – lat oss sei gulrota – gjekk frå å vere maten åt bonden til å verte vara som skaffa bonden maten. Altså ein transformasjon frå mat til matvare. Seinare vaks *skodespelarsamfunnet* fram. Her gjekk gulrota gjennom enno ein transformasjon. No vart det mogeleg å selje sjølve opplevinga av å sjå bonden stå bøygd i ein haustvåt gulrotåker. Bonden var skodespelaren og gulrota kullissene i det me opplevde som eit autentisk teater om bygdekultur. Av og til fekk me også snakke med ekte bønder når me køyrde forbi supermarknadane for å kjøpe gulrotene frå låveut-sala i solveggen. *Simuleringssamfunnet* er det siste tilskotet på forbruksskamma. No skal bygdene og utmarka festast på smarttelefonanes minnebrikker og postast på facebook saman med fyndige tweets

som «urørt, pudde og ubegrenset med melkesyre i låra».

Kvar av desse overgangane representerer eit skifte av meiningsinnhaldet ved ressursen, bygda og utmarka. Utmarka har gått frå å vere beitemark via ei råvare for eksport ut av bygda til å bli representasjonar for den symbolkonsumerande middelklassa, seier gjerne sosiologane. Den har blitt eit symbol i vårt iaugefallande konsum (Veblen, 2005) og ein rekvisitt i vår iherdige projisering av flyktige identitetar. Den nye økonomien har ikkje berre omdefinert ressursen, den har også ført med seg nye brukarar som søker legitimitet for sine interesser og den har komplisert forvaltingsmodellen.

Å leve saman som menneskje

For det handlar om forvaltning, eller sagt på ein annan måte; det handlar om å leve saman som menneskje. Og nettopp det er eit av kjernespora her; korleis evnar me å leve saman som menneskje?

For me skil oss alle frå kvarandre, me har alle ulike interesser og motiv i kvardagen, me har ulike tradisjonar og religionar og me har ulik mengde kapital – økonomisk so vel som kulturelt – og me høyrer til ulike kulturar. «Sosialt», hevdar den amerikanske sosiologen Richard Sennet (2012), så «søker me å unngå å involvere oss med folk som er ulik oss sjølve». Me flokkar oss i homogene grupper og oppsøker våre like, me lever våre kvardagsliv heilt i tråd med læresetninga om at *like born leikar best*. Enda i politikken, trass påstandane om at me alle har blitt så globale og mobile, så strevar me etter å gjere fleire folk og kulturar like oss sjølve.

«Samarbeid er eit handverk», seier Sennet (2009) vidare, «eit handverk tufta på evna til å lære og å lytte». «Me treng å diskutere heller enn å debattere», seier han og skil dermed mellom desse to omgrepa som for oss vanlege folk kan synast mesta like. For debatten, hevdar han, handlar einast om eit ønskje om posisjonering – sosialt so vel som politisk. I diskusjonen derimot, søker me å nå omforeinte mål gjennom dialogiske samtalar mellom jambyrdige anerkjende partar.

Om det er mangel på forståing eller anerkjening som gjer det, skal eg ikkje seie, men dagens forvaltning ser uansett ikkje ut til å ville skode til grunnprinsippa for samarbeid, i alle fall ikkje når det gjeld forvaltning av utmarka. Her kan det sjå ut som at dei frelste einast har vorte sterkare og sterkare i trua på dei to autoritære ytterpunkt; privat eigedomsrett og statleg styring.

Det sjølvstyrte lokale forvaltingskollektivet

Det starta ein gong på 60-talet, etter at biologen Garret Hardin (1968) hadde publisert sin artikkel med den missvisande tittelen «The Tragedy of the Commons» (allmenningens tragedie). For det var

aldri nokon allmenning Hardin skisserte, og hadde det vore det hadde det heller aldri vore ei tragedie, snarare tvert om. Men det såg ikkje ut til å bety noko for dei statlege forvaltarane og politikarane. Privatisering og statleg kollektivisering vart helde fram som den einaste farbare vegen ut av den imaginære tragedien.

I nyare tid derimot ser det ut som at målet med privatisering ikkje lenger er å unngå allmenningens tragedie, men snarare å gi insentiv til næringsutvikling. Medan statleg styring på sin side ser ut til å ha fått ansvaret for å ivareta fellesskapets interesser gjennom vern.

«Men», seier Elinor Ostrom (1990, 2005) – verdas kanskje fremste autoritet på forvaltning av fellesskapsressursar og vinnar av Alfred Nobels minnepris i økonomi i 2009 – «*verken privatisering eller kollektivisering ser ut til å fungere bra*». Til gjengjeld foreslår ho ein tredje veg: *det sjølvstyrte lokale forvaltingskollektivet*.

Dei beste forvaltingsregima, hevdar Ostrom, i tydinga dei mest berekraftige, finn me der folk som har levd saman lenge, og der ein aktar å halde fram med å leve saman, i fellesskap får kontrollere bruk og vern. Det er her me finn regimene som er best tilpassa ressursen dei er tenkt å forvalte, det er her me finn dei mest sofistikerte og finstemte vedtaks- og handhevingsmekanismane og det er her tilliten og legitimiteten til forvaltninga er størst.

Ostrom finn at lokale styringsformer basert på frivillig samarbeid, sjølv mellom konkurrentar, knytt til sameinte spelereglar og praksisar – altså sjølve grunnmodellen åt det sivile samfunnet – *under visse vilkår* er meir effektive enn både privat og statleg styring.

Ostrom presiserer at vellukka sjølvstyrte lokale forvaltingskollektiv ikkje kan fungere aleine. Det inngår i samfunnet og må ha eit mandat og ei ramme frå storsamfunnet for å sikre legitimitet og autoritet internt i organisasjonen. Ramma må sikre samsvaret mellom storsamfunnets verdier og lokale styringsprosedyrar. Det sjølvstyrte lokale kollektivet treng reell rett til å lage reglar, til å overvake ressursbruken og til å sanksjonere dei som bryt dei lokale forvaltingsreglane. Vidare, hevdar Ostrom, lyt det vere samsvar mellom ressursgrensene og styringsorganisasjonen. Der ressursen strekkjer seg over fleire bygdesamfunn må den lokale styringsorganisasjonen byggjast opp føderalt. Og ikkje minst veit me at forvaltningssamarbeid krev at alle partar anerkjenner dei involverte brukaranes legitime rettar – at ein anerkjenner kvarandre sine rettar heilt på likefot med sine egne.

Allmenningen

Her til lands er det fyrst og fremst stats- og bygdeallmenningen ein tenkjer på når ein snakkar om



Aktivitetar som kiting, hundekøyring eller massemonstringar der tusenvis av DN-lesande middelklassemannfolk ivrar etter å markere åndeleg slektskap med polarheltane våre, utfordrar handverksferdigheitene åt alle som skal utforme den framtidige forvaltninga av utmarka vår. Her frå Birkebeinerrennet. (Foto: Wikimedia/Torstein Frogner)

allmenningar. Me finn også eit samsvar mellom slik det var tenkt kring reformene i allmenningslovene på 1850-talet og Ostrom si tenking om det sjølvstyrte lokale kollektivet (Flø et Berge, 2009). Fyrst på 1800-talet, etter fleire år med rovhogst i skogen, spekulerte nemleg embetsverket på korleis ein skulle kome seg ut av uføret ein var hamna i. Løysinga dei kom opp med var den same som dagens ideologi tilrår – privatisering – men heller ikkje då verka det. I 1857 og 1863 tok Stortinget to vellukka grep. Dei gav klare rammor for avgjerdsprosedyrane for dei som hadde rett i allmenningane og dei introduserte eit tydeleg skilje mellom grunneigaren sine rettar og allmenningsretten. Allmenningsinstituttet vart tufta på ideen om nettopp sjølvstyrte lokale forvaltingskollektiv, eit prinsipp som også enno er berande i allmenningane våre.

Dei klassiske norske allmenningane har fungert godt, nettopp derfor har også forskinga på allmenningane vore beskjeden. Det er nemleg ikkje ei prioritert oppgåve for norsk forskning å finne ut kvifor ting verkar, men for den som ønskjer betre ressursforvaltning er det ikkje berre viktig, men essensielt. Ostrom ville ikkje fått Nobelprisen om ho ikkje hadde kunna dokumentere ut over all rimeleg tvil at allmenningar både i Sveits og Spania har eksis-

tert som velfungerande lokale forvaltingskollektiv i snart 1000 år. Dette er også ein del av den respekten for empirisk kunnskap som Nobelprisen peikar på. I over 40 år har Elinor Ostrom og hennar kollegaer lagt fram empiriske prov på at under dei rette føresetnadane er vanlege folk fullt ut i stand til å ta vare på ressursar til fellesskapets beste. Ho har gjort debatten om ressursforvaltning til noko meir enn partielle resonnement innan teoretiske modellar på økonomen sitt skrivebord. Ho har observert kva som skjer i den verkelege verda, ho har systematisk framskaffa kunnskap om korleis det sjølvstyrte lokale kollektivet fungerer som forvaltar.

Me treng å tenke gjennom kva me kan lære av Ostrom sitt arbeid. Me treng å tenke gjennom kva me kan lære av det norske allmenningsinstituttet. Me treng å revitalisere allmenningen og å ta i bruk lærdomen og kunnskapen i forvaltninga av dei mange nye allmenningane me er i ferd med å utforme. Kva kan Ostrom og allmenningsinstituttet fortelje oss om forvaltninga av strandsona, nasjonalparkane, landskapsvernområda, verdsarvområda, jaktvalda, rovdryrområda, finnmarksallmenningen, elvane våre og dei lakseoppdrettsfrie fjordane?



Gå i lære hjå handverkarane

For forvaltning er eit handverk, og handverk lærer me best ved å gå i lære hjå dei som kan det. Etter mitt syn bør Elinor Ostrom sine empiriske prov – samla saman av eit hundretals forskarteam knytt til the Workshop in Political Theory and Policy Analysis, gjennom studiar av tusenvis av ulike forvaltingsregimar – vere ein inspirasjon for vår heimlege praksis og tenking kring forvaltning av rurale ressursar. For det stemmer ikkje det ein ofte høyrer frå forvaltningas retorikkarar; «*at den beste forvaltingsmodellen er den uprøvde*» – tvert om er dei beste forvaltingsmodellane velprøvde og ofte har dei funget i tusenvis av år. Det handlar berre om å sjå dei og ikkje minst om å lære av dei. Det grunnleggjande spørsmålet er; kva rolle skal grunneigarar, bygdefolk og lokalsamfunn ha i høve til det statlege byråkratiet?

Kanskje er det svaret dei fryktar – dei statlege forvaltarane. Kanskje er det den enkle grunnen til at me vel å ikkje søkje lærdom frå dei fungerande regima? Uansett, kan det i dag sjå ut til at byråkratiet er sikrere enn nokon gong på at lokalsamfunnet bør ha minst mogleg innverknad.

Eg vil oppfordre alle som i årevis har arbeida jamt og trutt med bruk og forvaltning av utmarka vår – alle som har eit ærleg ønskje om ei betre forvaltning – om å halde fram arbeidet. Me treng å reflektere kring spørsmålet: Kva ville resultatet vore om ein tok lærdom av Ostrom, eller av prinsippa som låg til grunn for vår tidlege allmenningsslovgiving her til lands? Kva ville resultatet vore om me tok lærdom av dei flinkaste forvaltingshandverkarane – dei som kan leve saman som menneskjer? Ville det vore betre eller dårlegare? Og kven ville eventuelt fått det dårlegare?

Skal me få svar på det trengst det forskning på dei regima som fungerer og me treng mot til å forsøke å forstå. Eg vil utfordre politikarar og forvaltning i Kommunal- og regionaldepartementet, Miljøverndepartementet og Landbruks- og matdepartementet til å vere modige no. Trom saman eit team av kompetente folk – brukarar og byråkratar så vel som forskarar – biologar så vel som samfunnsvitarar, historikarar så vel som juristar og antropologar så vel som økonomar – set dei alle saman i eitt miljø og la dei levere kunnskap om kvifor ting fungerer.

Noter:

1 Konferansen «Arealpress i utmark» vart arrangert av nokre av mine kollegaer ved Norsk senter for bygdeforskning den 6. mars 2012

Referansar:

- Best, Steven. 1989. The Commodification of Reality and the Reality of Commodification: Jean Baudrillard and post-modernism. *Current Perspectives in Social Theory* 19:23–51.
- Cloke, Paul. 2003. Knowing ruralities? I *Country Visions*. Redigert av: P. Cloke. Pearson Prentice Hall. London.
- . 2006. Conceptualizing rurality. I *Handbook of Rural Studies*. Redigert av: P. Cloke, T. Marsden & P. H. Mooney. Sage Publications. London.
- Flø, Bjørn Egil & Erling Berge. 2009. Den noble allmenning. *Nationen, Kronikk*, 8.11.2009.
- Hardin, Garrett. 1968. The Tragedy of the Commons. *Science* 162 (3859):1243–1248.
- Ostrom, Elinor. 1990. *Governing the Commons. The Evolution of Institutions for Collective Action*. Cambridge University Press. Cambridge.
- . 2005. *Understanding Institutional Diversity*. Princeton University Press. Princeton.
- Perkins, Harvey C. 2006. Commodification: re-resourcing rural areas. I *Handbook of Rural Studies*. Redigert av: P. Cloke, T. Marsden & P. Mooney. SAGE Publications. London.
- Sennett, Richard. 2009. *The Craftsman*. Yale University Press. New Haven.
- . 2012. *Together: The Rituals, Pleasures, and Politics of Cooperation*. Yale University Press. New Haven.
- Veblen, Thorstein. 2005. *The theory of the leisure class: an economic study of institutions*. Aakar Books. Delhi.
- Woods, Michael. 2011. *Rural*. Routledge. Abingdon.